

GIJENDIKTINGAR AV ÅSE-MARIE NESSE

- Nelly Sachs: Eli. Eit mysterieospel om Israels lidning. Samlaget. 1967.
Nelly Sachs: Rekviem for Israel. Dikt. Samlaget. 1968.
Matsguden lyser i natta. Meksikanske dikt. Samlaget. 1971.
Pablo Neruda: Balladen om Joaquin Muriera. Samlaget. 1972.
Det vakreste under månen. (Red.) Den norske Bokklubben. 1974.
Pieter van Diest: Enhver. Solum. 1978.
Du mitt menneske. Nordiske kjærteiksdikt. (Red.) Ill. av Jan Harr. Den norske Bokklubben. 1979
Sovande ørnar. Georgiske dikt. Saman med Helena Krag. Solum. 1982.
Irina Ratusjinskaja: Frihetens svær. Dikt. Saman med Alf B. Glad. Cappelen. 1986.
Else Lasker-Schüller: Mitt blå klaver. Dikt. Dreyer. 1990.
Over alle tindar. Gjendiktningar av tysk lyrikk. Den norske Bokklubben. 1990.
Ocarvio Paz: Saltomoralens time. Dikt. Grøndahl Dreyer. 1991.
Ocarvio Paz: Rappaccinis datter. Drama. Grøndahl Dreyer. 1991.
Johann Wolfgang von Goethe: Faust I. Samlaget. 1993.
Tao Te Ching. Grøndahl Dreyer. 1995.
Johann Wolfgang von Goethe: Eventyret. Vidarforlag. 1998.
Johann Wolfgang von Goethe: Faust II. Samlaget. 1999.
Johann Wolfgang von Goethe: Mitt hjarta slo. Aschehoug. 1999.
- PRISAR
- Bastianprisen 1967.
Sarpsborgprisen 1976.
Sunnmørsprisen 1978.
Stavanger Aftenblads kulturpris 1981.
Ønskediktprisen 1981.
Klepp kommunes kulturpris 1992.
Den tyske æresordenen Bundesverdienstkreuz 1993.
Bokklubbenes skjønnlitterære oversetterpris 1999.
Doblongprisen 1999.
Nynorsk litteraturpris 1999.

Johann Wolfgang von Goethe

Faust I

Gjendiktning

Åse-Marie Nesse

Det Norske Samlaget
Oslo 2001

Innhald

<i>Forord i Weimar</i>	6
Tillegning	9
Forspel på teateret	11
Prolog i himmelen	18
Natt	25
Ved byporten	42
Studerammer	57
Studerammer	71
Auerbachs kjellar i Leipzig	94
Heksekjøkken	111
Gate	126
Kveld	130
Spasertur	136
Huset til nabokona	139
Gate	149
Hage	152
Lysthus i hagen	161
Skog og grotte	163
Gretchens stue	170
Marthes hage	172
Ved brunnen	179
Ved bymuren	182
Natt	184
Dom	192
Walpurgnatt	195
Walpurgnattsdraum	213
Gråvårsdag. Open mark	222
Natt. Open mark	225
Fengsel	226
Etterord	237
Merknader	243
Værsmål	249

© 1993 Det Norske Samlaget

Omslagsillustrasjon: Faust i studékammeret, radering av Rembrandt

Omslagsdesign: Kari Dæhli

Printed in Norway

Gjøvik Trykkeri A.s, Gjøvik, 2001

ISBN 82-521-4223-0

2. opplaget

Forord i Weimar

Eit verk som FAUST kan aldri bli omsett ein gong for alle til noko språk, – like lite som Bibelen, Homer, Shakespeare. Det vil alltid utfordre nye generasjonar, stundom også opp til fleire samtidige omsetjarar innanfor same tår, som tilfellet er i det engelske språkområdet. Til engelsk aleine finst det heile 380 ulike versjonar av FAUST I og II til saman! I Frankrike 216, i Russland 151. Desse overveldande opplysningane står svart på kvitt i Goethe-muséet i Weimar, der heile den første salen er vigd dette verket, og det er ein statistikk som godt kunne måle seg med lista over Don Giovannis erobringar . . .

Og i Norge? I Norge berre fire. Dette er altså den femte norske utgjevinga i bokform, av FAUST I.

At eit nytt forsøk ikkje nødvendigvis må tolkast som mangel på respekt for det andre har gjort før, er Faust sjølv det beste eksempel på. I ein scene i studérkammeret gir han seg i kast med Johannesevangeliet og vil overføre den greske grunnreksen til tysk, vel vitande om kollega Luthers mønstergyldige tyske bibeltekst. Han vurderer det som skrive stå, før han kjem til denne konklusjon:

Ich muß es anders übersetzen –

ei verselinje som for øvrig har kosta denne gjendiktaren cirka eit dagsverk. Den enklaste utsegn er ofte spesielt vanskeleg å gjengi med tilsvarende enkle ord, når det skal passe inn i eit fastlagt mønster av rim og rytme. Og her ser løysinga slik ut:

Eg prøver med ei anna vending –

med følgjande fromme og tillitfulle framhald:

så samt eit åndens lys vil leie meg.

Dette er visseleg ord som nokon kvar kan ønskje å gjere til sine, dei kunne stå som ein slags vignett over mangt eit omsetjings-arbeid!

Faust sjølv brukar ganske lang tid på det korte bibelverset i opninga av evangeliet, forkastar den eine løysinga etter den andre, og fortarper seg i filosofiske funderingar over Logos-omgrepet, utan å tape siktemålet av syne, som den profesjonelle omsetjar han er. Men han kjem aldri lenger enn til første verset, karrieren blir påfallande kort, for han blir abrupt avbroten av ingen betre enn Djevelen i hundeham, og ført på avveggar.

Her er det tydeleg at Goethe nyttar ein historisk modell: det er stadig Doktor Luther som spøker i kullissane. Som kjent har Luther sjølv dokumentert korleis den skinnbarlege ustanslege forstyrtra han i arbeidet med bibelomsetjinga og fekk det legendariske blekkhuset slengt etter seg. Det må ha vore eit effektivt middel, for i motsetning til Faust greidde Luther å fullføre sitt arbeid! Men motivet er det same. Vegen er kort frå Wartburg til Weimar, både geografisk og symbolsk.

Ingen svart puddel har sirkla meg inn på brusteinane i Goethes by. Og det laga seg slik at eg fekk feire fullført verk på første rad i Deutsches Nationaltheater, der dei viste FAUST for siste gong før sommaren. Ei utradisjonell framsynning: Hunden bjeffa elektronisk, Mefistofeles var iført utvaska rød dongeri, Vårherre var blind og gjekk med mørke solbriller. Og Faust? Faust var tidlaus, ein femhundre år gammal europpear, vår samtidige.

Kvar epoke sin Faust, på scene som i bok. Goethes ord vil overleve i alle slags forkledningnar:

*Alte ströymet ut av skapingskjeldra,
og berdeg som den første dag.*

Åse-Marie Nesse
Weimar, juni 1993

Tillegning

Nå ser eg atter som ein draum i draumen
den sverm mitt dimme auga skoda før:
Men vil det lykkast meg å stogge strømmen
og famne dykk? Mitt ville hjarta spør!
Med velde stig de fram av skoddeflaumen,
de sviv omkring og gjer meg nesten ør.
Eit pust av ungdom følger denne dansen,
det rører meg, eg skjelv i trylleglansen.

Bliete ber de med frå farne dagar,
og kjærte skuggar gjer meg atter glad.
Den første elsk, det første vennskap ragar
i minnet lik eit halvglyøymt, gammalt kvad.
Men smerten melder seg på ny og klagar:
Har livsens labyrint ført nokon stad?
Med sorg eg minnest edel mann og kvinne
som såg si levetid og lykke svinne.

Så mange høyrer ikkje lenger songen,
om før dei kunne lyde dagen lang.
Dei trugne sjeler følgde utferdstrongen,
og fjern er nå den første atterklang.
Eg syng for ukjent øyra denne gongen,
men straks dei fagnar meg, står eg på sprang.
Og dei som steig med meg til sæle tindar,
er, om dei lever, spreidd for alle vindar.

Forspel på teateret

Teatersjef · Teaterdiktar · Komediant

Og dette høge, stille ånderike
har vekt til live all min fordoms lengt.
Nå susar songar, eolsharpe-likte,
i mjuke tonar ingen ville tenkt.
Alt strengt og hardt i hugen min må vike,
ein gråt vell opp av djup eg hadde strengt.
Det nære rykker bort og går til grunne,
min eine, sanne røyndom er det svunne.

TEATERSJEFEN

Vi tre har trufast halde lag
i nedgangstider, – kan vi vente
at dette etablissementet
vil trekke fulle hus i dag?
Eg satsar særleg på den store masse
som lever og let livet gå sin gang.
Alt er på plass i følebu og kasse,
og alle ventar seg ein fest av rang.
Dei sit i salen, løfter augnebrynet,
vil gjerne la seg rive med av synet.
Eg kan den kunst å gjere folk til lags,
men er på utrygg grunn når eg forsøker:
Om kvalitet er ukjent nå til dags,
så har dei lese svært så mange bøker!
Kan stykket by på nytt som folk vil sjå,
samtidig som det har eit visst nivå?
For det er ei av mine store gleder
å konstatere at eit folkehav
må trenge seg, som i dei verste veer,
inn gjennom nådens port med sine krav
før fire, midt på lyse dagen.
Der slåst dei for å skaffe seg billett,
reint som i køen ved eit bakeri, når magen
skrik etter brød og aldri er seg mett.
Den einaste som trollbind godtfolk enn,
er diktaren: Gjer det i dag, min venn!

DIKTAREN

Å, spar meg for ein broket folkverimmel,
ein åndlaus hop, ein klamp om versefort!
For berre synet gjer meg svak og svimmel,
det er eit dragsug vi må stå imot!
Nei, før meg heller til den stille himmel
der diktarlykka blømer utan hot,
der hjarta knyter sæle kjærleiksbanda
og alt er skapt og styrt av gudehanda.

Men det som der vell opp av splebrunnen,
om det vil fenge eller synast smått,
dei ord som strøymer dirrande om munnen,
må augneblinken ofte sluke rått.
Først over tid kan sigeren bli vunnen,
og verket står der og er såre godt.
I augneblinken skin dei glatte orda,
alt sant og ekte lever art på jorda.

KOMEDIANTEN

Kom ikkje her og snakk til meg om framtid!
Kven elles skulle ta seg av vår samtid
om også *eg* var heilt på styr?
Folk vil ha spøk, og dei skal få det!
Det klør i meg di meir eg tenker på det:
La folk få sjå ein artig fyr!
For den som veit å vegge sine ord,
vil aldri ta seg nær av *det* humnøret;
han vil ha flokken passe stor
til at dei let seg lett forføre.
Så ver nå djerv og vis deg som ein mann,
gje fantasien spelerom, på rippet,
bruk kjensle, lidenskap, fornuft, forstand,
men merk deg: ikkje utan narrekapet!

TEATERSJEFEN

Sørg for at noko heile tida skjer!
Folk kjem til skodespelet, og dei ser.
Og finn du på ei usannsynleg hending,
så kan du hale sigeren i land.
Når berre publikum får fart og spenning,
blir du for visst ein velvørd mann.
Ei mengd må til om du vil fange mengda,
så kvar kan finne det som hugar best.
Og gjev du mangt, får alle sitt i lengda
og vandrar velnøgd heim, som frå ein fest.
Du skriv eit stykke – del det opp i stykke!
Ein slik ragu vil gjere lykke;
lettfatteleg, og lett å finne på.
By publikum eit heile – du vil sjå
at dei vil stykke opp att heile stykket!

DIKTAREN

Eit dårleg handverk, spør du meg, det reine snusk,
som ingen sann og ærleg kunstnar driv med!
Eg merkar at dei fjonge herrars fusk
er blitt den lov du styrer kunst og liv med.

TEATERSJEFEN

Den smule klander gjer meg ikkje krenkt:
Ein mann som retteleg har tenkt,
veit sjølv kva verkty han skal velje.
Hugs, han er mjuk, den ved du har å telgje,
og spør deg sjølv for kven du skriv!
Den eine kjem når keisemd driv,
frå overdådig taffel kjem den hine,
og verst det nye tidsfordriv:
dei sit og les i stillingsblada sine!
Dei iler tankepreidde, som til maskerade,

nyfiken på vårt scene-inventar.
Kokette damer viser seg i rask parade
og spelar utan honorar.
Du drøymer der du står på diktarhøgda!
Kva frygd har *du* av fulle hus?
Sjå deg omkring, så får du nøgdal
Ein tørrpinn, ein i sus og dus.
Han der vil spele kort ved teppesfall,
han her vil ha dei gleder gledeshuset huser.
Det tykkjest meg eit fåvist kall
for slikt å bry dei holde musen.
Nei, by fram meir og meir, og om og om igjen,
så kjem du neppe ut på vegar ville.
For publikum er tungt å tilfredsstille,
prøv heller å forvirre, venn! –
Kva er det med deg? Glede eller pine?

DIKTAREN

Finns deg ein annan træl, og det litt for!
Ein diktar skulle brottsleg skule bort
den høgste rett eit menneske har kjent,
og det på grunn av deg og orda dine?
Kva kan få hjarto til å skine?
Kva andar liv i alle element?
Det gjer den samklang som stig opp av diktarbryst
og slynger altet inn mot denne kyst!
Og når den likesæle all-naturen
har nysta opp sin lange tråd med lyst,
når alt går under i den same duren,
og formilust kaos byr til dyst –
kven grip da denne monotone rekke,
gjev liv og rytme til ein evig straum?
Kven einar da det skilde og kan vekke
og vigsle det til herleg tonettaum?

Kven skaper stormen om til liv som ljomar,
og liknar solnedgang med hjartesar?
Kven strør eit vell av vårens vakre blommar
på veggen der den kjære går?
Kven bind med kunnig hand dei grønne blada
til ærekrans for mang ei heilebragd?
Kven ber Olympen fram, og gudkvada?
Den kraft som er i diktarbrystet lagd!

KOMEDIANTEN

Så bruk da denne dyre gåve,
og dyrk den i di diktarstove,
som om det var eit kjærteiksevenyr.
Ein møtest reint tilfeldig, det tar fyr,
og langt om lenge sit ein fast i nettet.
Først lykkerus, og sidan stå til rette,
og smerte, ikkje lyst, er siste svar.
Men vips! før du veit av det, er romanen klar!
Gje oss eit skodespel av dette slaget!
La livet sjølv bli stoff til diktarfaget!
Rett få er dei som veit kva livet er,
gjer du det interessant, og syn det her!
Ein biletraum i uklår blanding,
eit drøss av løgn, ein flik av sanning,
er beste brygget, spør du meg,
fortriskande, ja, reint oppbyggeleg!
Da samlast blomen av vår ungdomsskare
om denne openbaring av eit stykke,
og alle som er særleg kjenslevare
syg næring for si melankolske jykke.
Snart blir den eine, snart den andre tent,
kvar einskild ser sirt inste, spegelvendt.
Dei svarar gladeleg med både smil og tåre,

dei elsker ytre glans og nyt ein vittig tekst.
Den mogne let seg knapt dra etter håret,
meir takksam er eit menneske i vekst.

DIKTAREN

Så gje meg att min ungdoms draumar,
mi eiga mogningstid, den gong
da ennå djupe kjensleflaumar
ustanseleg gav liv til song,
da kvar ein knupp gav bod om sumar,
da alt låg løyrt bak tåkeslør,
da eg gjekk gjennom dalen, ør,
og plukka tusen fagre blomar.
Eg hadde nok av ingenting:
ein sanningstørst, ein fantasi i swing.
Å, gje meg utøymd denne dragnad,
den djupe, smertefulle frygd,
all kraft i hat og kjærleiksfagnad,
å, gje meg art min ungdoms dygd!

KOMEDIANTEN

Din ungdom, kjære venn, den treng du nok
når dine fiendar vil få deg,
når fagre jenter kjem i flokk
og henger seg om halsen på deg,
når du kan sjå ein laurbærkrans
som ligg og lokkar i der fjerne,
og når du etter vilter dans
kan skåle med ei morgonsjerner!
Men gamle herrar har som plikt
å bere fram med hugmild mynde
sin strengeteik av ord og dikt,
og ta små sidesprang av ynde
på veg mot mål de sjølv har lagt.
Og det gjev ikkje mindre glans og ære.

Med åra blir ein barnsleg, er det sagt.
Det barn vi var, vil vi for alltid vere.

TEATERSJEFEN

Eg har fått nok av talenåtar,
det er på tide noko skjær!
De står og sveivar vakre låtar
i tomme lufta, som de ser.
Kva hjelper tåkeprat om stemning?
Den skyr som kjent all teori.
Fram med poeten, utan hemning,
og kommander den poesi
som vi i dag så sårt kan trenge!
Sterk kost, det har vi sakna lenge,
kom fluksens med eit brygg som riv!
Og ikkje vent til morgondagen før du skriv!
La ingen time gå til spille,
grip hugheilt sjansen her og nå,
da flyg han ikkje om han ville,
men har sin verknad i det stille:
alt går sin gang, fordi det må.

Som kjent har alle frie hender
på tyske scener rundt omkring,
så ikkje spar på nokon ting:
bruk sinnrike maskinar, venner!
Tenn små og store himmellys i fleng,
strø stjerner ut til alle kantar,
og eld og vatn der det vantar,
vis bergvegg, dyr og fugleveg.
La heile skaparverket stige fram
i bua vår med brask og bram!
Frå høge himmelvelv går ferda
til helvete, igjennom verdal!

Prolog i himmelen

*Herren. Dei himmelske hærskarar. Seinare Mefistofeles.
Dei tre Erkeenglane stig fram.*

RAFAEL

Einn ljomar sol med sæle klanger
i søsterfærars jubelkor,
og susar gjennom stjernegangar
med toredrønn i sine spor.
Vi englar skodar; overvelda,
og stig med sterke vengeslag.
Alt strøymer ut av skapingskjelda,
og herleg som den første dag.

GABRIEL

Og jorda, denne ljuve hagen,
sviv lynfort over svimle stup.
Det skifter mellom lyse dagen
og natta med dei mørke djup.
Det skummar kvitt av havsens bølger
mot bratte klippeveggers herd,
og både hav og klippe følgjer
på denne endelause ferd.

MIKAEL

Og stormen brusar fram sitt kvede
frå strand til hav, frå hav til strand,
og knyter fnyssande eit kjede
av yre krefter over land.
Det tordnar som ein hær av hovar,

der gneistar sprakar, lynblenk kvin.
Men dine sendebod høglovar
det milde lys i dagen din.

ALLE TRE I KOR

Vi står her sterke, overvelda,
og skodar dine andletsdrag.
Å, Herre, du er skapingskjelda,
alt skin som på den første dag.

MEFISTOFELLES

Da du, o Herre, åtrer kallar inn
og spør korleis det står til her i garden,
og da du før har vist eit vennleg sinn,
så ser du også meg blant tenarskaren.
Den høge stil er ikkje vår – forlar oss! –
om så din flokk har meg til sport og spe.
Du hadde sikkert humra av min patos,
om ikkje du var av-vent med å le . . .
Om stjerner veit eg mindre enn dei hine,
eg berre ser på folk og deira pine.
Den vesle verdsgud er og blir av same slag,
og like komisk som han var den første dag.
Langt betre ville mannen leve
om ikkje himmellyset var han gjeve.
Han kallar det fornuft men er på styr,
og ter seg verre enn det verste dyr.
Om Dykkar Nåde tillet ein tirade:
Han minner om den langbeinte sikade
som spreit i veret gong på gong,
så sit han der og syng sin gamle song.
Å, gjev han låg så lang han er i graset!
I alskens visvas må han stikke nasen.

HERREN

Så det er den rapport du lagar?
Du berre kjenn til meg og klagar?
Er ingen ting på jord bra nok for deg?

MEFISTOFELLES

Nei, Herre, alt er stradig heilt forferdeleg!
Det er ein ynk å følgje godtfolks jammerdagar,
eg har reint vondt av dei eg stundom plagar.

HERREN

Du kjenner Faust?

MEFISTOFELLES

Herr doktor, ja?

HERREN

Han tener meg!

MEFISTOFELLES

Ein snodig tenar, det er visst og sant!
Han hungrar ikkje etter jordisk næring,
er driven av ei indre gjæring
og veit det går på livet iblant:
Av himmelen han krev den blanke stjerne,
av jorderik den allerhøgste lyst.
Og ingen makter, nære eller fjerne,
kan stille denne uro i hans bryst.

HERREN

Og tener han meg utan mål og méd,
så fører eg han snart til større klårleik.
Ein gartnarar veit når han ser grønne tre
at mogne frukter følgjer denne vår-leik.

MEFISTOFELLES

Kva veddar De? De mister han ved neste leite,
så sant De berre gjev meg lov
å leie han på mine beire!

HERREN

Det står deg fritt å drive rov
så lenge han står midt i jordisk møde.
Å fare vill er livsens lov.

MEFISTOFELLES

Da må eg takke; for blant døde
er eg ein uglad bondefangar.
Eg traktar heller etter fulle, friske vangar.
Eit lik får aldri innpass i mitt hus,
der likar eg å leike katt og mus!

HERREN

Mitt ord er lov, så la det gjelde!
Du fattar neppe denne åndens mann,
men før han bort frå opphavs kjelde,
på dine vegar, om du kan!
Og du vil sanne eitt; og skamme deg:
Det gode menneske, i uklår dragnad,
veit djupast inne om den rette veg.

MEFISTOFELLES

Vell! Snart er denne trongen tagna.
Vårt veddemål vil bli hans lagnad.
Eg vinn for visst den største fagnad,
og den triumfen får De unne meg.
Støv skal han ete, lysteleg,
som frenden Slange gjorde så det gagnal!

HERREN

Du har den friedom du forfektar.
Eg hata aldri deg og det du er.
Av alle ånder som fornekta,
er skjelman inga plageånd især.
For mannens verksemd kan så lett bli sløva ned,
som regel vil han helst ha ro og fred.
Så difor gjev eg han den følgjesveinen
som gjer sitt djevleverk og kunne terge steinen . . .
Men de, min eigen engleskare,
all livsens rike frygd skal de bevare!
Der veksende, som verkar i alt liv,
skal fanne dykk med kjærleiks ljuve norner.
Hald fast i ævetankar alt som sviv
i ennå uforløyste, vage former!

Himmelen lukkar seg. Erke-englane flyg til kvar sin kant.

MENISTOFFELERS

alene.

Den Gamle ser eg gjerne, dann og vann,
vil nødig bryte heilt med himmelbanden.
Det er da vakkeret av så stor ein mann
å tale som eit menneske med fandan!

Første del av tragedien

Natt

*Eit trongt, gotisk rom med bøge kvelv. Ved skrivepulten
sit Faust, woleg.*

FAUSR

Akk! Denne viterongen mini!
Har lese alt – filosofi,
juridikum og medisin,
diverre òg teologi.

Nå sit eg her med bok på bok,
og eg min nar er like klok
Magisterittel og doktorgrad,
jo takk! I eit titals år på rad
har eg leidd studentar art og fram,
trekt dei etter nasen, som andre lam –
og sett kor lite vi har å vinne.

Det piner meg, det svid her inne.
Visst har eg meir kløkt enn dei herrar lektorar,
magistrar, prelatar og professorar;
eg plagast aldri av samvitskvalar,
blir ikkje skremt om så Djevelen talar –
men nå har eg inga glede av dette,
ingen veg til kunnskap var Den Rette,
ingen ting har eg å lære dei andre,
som kunne forbetre eller forandre.
Min lott er langt frå ærefull,
og eg er arm på gods og gull.
Eit liv ingen hund ville finne seg i!
Frå nå av prøver eg med magi,
om eg ved hjelp av åndeorder

kan kome løyndommar på sporet,
og ikkje lenger brydd og sveitt
treng seie ting eg slett ikkje veit.
Eg vil erkjenne kva det er
som djupast held i hop ei verd,
sjå sædet gro i livsens jord,
og ikkje grave meir i ord.
Den fulle midnattsmåne skin
på ny inn over pulten min.
Å, gjev du såg for siste gong
min inste, pinefulle trong!
Bøygd over bok, papir og penn
du fann meg før, sorgmilde venn.
Eg lengtar opp i lyset nå!
Du legg din glans om berget blå,
og der, med ånder, vil eg sveve,
og lette slør over enger veve.
Vil lauge meg i månehavet,
forløyst frå heile lærdomskavet!

Kor lenge enn lyr eg gje tol?
Fordømte, mugne fangeløi,
der sol bryt gjennom farga glas
og misrer all sin himmelstrasi!
Bak bøker sit eg gjerdra inn,
der makkar gneg og støvet fyk,
og opp mot tak-kveldv ris ein tind
av gulna ark der soret ryk,
og glas og kolbar ligg og driv
blant instrument for alskens id
og husgeråd frå arlds tid –
Er dette di verd? Er dette eit liv?

Kvi kjennest hjarta innestengt

og skjelv av otte i din barm?
Kvi har ein uforklårleg lengt
gjort livsens veg så trong og arm?
I staden for det frie svev
i allnaturen morgonrein,
du trør i mugg og spindelvev,
skjelett av dyr, og daudingbeini!

Bryt opp! Dra ut mot ukjent land!
Og dette løyndomsfulle veik
frå Nostradamus' eiga hand
er nå den bok som gjer deg sterk.
Når tanken følgjer stjerners veg,
og all-naturen gjer sin monn,
stig skjulte krefter opp i deg,
silke gneistar spring frå ånd til ånd.
All tørr fornuft er fåfengd her,
gjer ingen løyndom openbar.
Men ånder sviv og kjem meg nær:
Så sant de høyrer meg, gje svar!

Han opnar boka og finn teiknet for makrokosmos.
Å, sæle frygd, å, for eit herleg syn,
som alle mine sansar gjennomstrømer!
Ein heilag hugnad logar lik eit lyn,
og ungdoms glød i mine årer fløymer!
Er teiknet skrive av ei gudehand?
Det stiller stormen i mitt indre,
og all min hugverk kan det lindre.
Så la det sprengje løynde band!
Naturens krefter let seg ikkje hindre!
Er eg ein guds? Alt blir så klart!
Det er som eg først nå oppdaga
den vettsame natur i desse reine draga,

og samna det ein vismann har erfart:
«Sjå, ånderda ligg der, open;
din hug er mørk, din dag på hell.
Stå opp, o sjel, til himmeldåpen
i morgnroden over fjell!»

Han ver på teikenet.

Alt vertkar saman til ein vev,
med denne kraft som seier: lev!
Og himmelånder kjem og attervender,
med gylne staup i sine hender.
Velsigning angar deira venger
der dei flyg ned frå himmelenger,
harmonisk tonar allheims strengeri!

Å, for eit skodespell! Men berre speli!
Kvar grip eg allnaturen med mi sjel?
Ja, grip dei barmar som er livsens kjelde,
som nærer klotar der dei sving
og gjev det visne brystet liv –
men aldri kveikre meg i alt sitt velde?

*Morvilling blar han i boka og får anga på teikenet
for jordånda.*

Eit anna teikn, med eit anna skin!
Du, jordånd, kjem meg innpå livet,
mitt vankelmod vil du fordrive,
eg glør som av den nye vin.
Nå vil eg ut og prøve vågemoter,
få med all frygd og kval på denne klotre,
slå alle hinder ned for føte
og ikkje støve ned i dette skrotteri!
Det skyar over meg –
Og månelystet svin –

Min lampe sloknar –
Det ryk – og røde strålar gnistrar
om panna mi – Det fyk
ein fæliske ned frå kvelv
og held meg fast!

Eg kjenner at du sving omkring meg, ånd:
Eg byd: Stå fram!
Å, som det riv og slit i meg!
Men hjarta dansar –
Eg tar imot med alle sansar!
Eg gjev meg til den ånd som let seg mane!
Du må! Du må! Om så det blir min bane!

*Han triv boka og seier fram teikenet for jordånda,
løynomsfull. Eit rødleg flammeskin sprakar, ånda
kjem til syne i flammeskinet.*

JORDÅND
Kven kallar?

FAUST
vender seg bort.
For eit syn! Å vel!

JORDÅND
Du drog meg hit med makt og velde,
og drakk alt lenge av mi kjelde,
og nå –

FAUST
Eg toler ikkje eingong dé!

JORDÅND
Du bad så tynt om å få sjå meg,
både skode mitt åsyn og høyre mi røyst.

Di sterke sjelebøn har løyst
dei band som bind meg: du kan nå meg!
Eit overmenneske som brått blir dødsens bleik?
Kvar er det bryst som lyste opp i livsæl kveik
og bar ei verd? Som ville bli vår like
og svinge seg i frygd mot ånderiket?
Kvar er du, Faust, kvar er den sterke klang
av rop som nådde meg med myndig tvang?
Ein livredd liten makk som vrid seg unna,
og skjelv for livsens djupe brunnar,
så snart han ser mi kraft ta form?

FAUST

For denne flamme må eg vike?
Nei, eg er Faust, eg er din like!

JORDÅND

I flod og stille, i dåd og storm,
fer eg opp og ned,
er eg allstøtt medi
Frå vogge til grav,
eit æveleg hav,
ein vev å veve,
eit liv å leve:
Ved tidens susande vevstol eg sit,
Guds levande klefnad er livsverket mitt.

FAUST

Å, du som famner jorderik,
annsame ånd, nå er eg fylt av deg!

JORDÅND

Den ånd du fattar, er du lik,
og ikkje meg! *Bli borte.*

FAUST

fell beitt saman.

Kven da,

om ikkje deg?

Eg, guddoms lkemann!

Og liknar ikkje eingong deg! *Det bankar på.*

Å død og grul! Her kjem min assistent!

Eit vell av syner gjort til skammel!

At slik ein tørrpinn skal få ramme

den høgste lykke eg har kjent!

Wagner i slåbrok og nattlue, med ei lykt i handa.

Faust smur seg motvillig.

WAGNER

Eg høyrde brått Herr Doktor deklamere,
ein gresk tragedie, har eg forstått?
Orsak, men eg fekk lyst å profitere;
det er ein kunst som gjer seg godt.
Dei seier mang ein prest kan lære
av skodespelaren kva han skal gjere.

FAUST

Ja visst, når presten tidvis *kan* fortolke,
som skodespelar i sitt eige fag!

WAGNER

Akk, korleis skal han overtale folket,
som knapt ser verda på ein høgtdags,
langt bortefrå, som i ein klikkert,
frå eit museum som er trygt og sikkert?

FAUST

Så sant du kjenner for det, vill du tale
så alle hjarto opnar seg.
Du vekker einast liv av dvale
når livskraft fyller heile deg.
Her sit du dagen lang og flikkar,
og kokar suppa di på andres rett,
mens ynkelege flammer slikkar
frå aska der du pustar lett!
Så barn og apekarar gaper,
om *det* er mette for din munn –
Men kjem det rett frå hjarta, det du skaper,
da når det fram til hjarregrunn.

WAGNER

Ja, foredraget er ein talars lykke;
eg kjenner eg har ennå att eit stykke.

FAUST

Så søk på ærleg vis di lønn!
Sky nærredrakt og bjølleklang!
Bruk sunn fornuft og vanleg skjønn,
og unngå virtuose sprang.
Før er det livet om å gjere,
kan du la alle kunster vere!
Du kan briljere, elegant og glatt,
men etterlet ein haug med spon som krusar,
minst like ufrisk som ei skoddennatt
når haustvind gjennom visne lauvet susar!

WAGNER

Akk, kunsten den er lang,
og kort er dette livet!
Med all den sjølvkritikk eg støtt har drive,

eg kom visst ofte seint i gang.
Kor vanskeleg å lære seg metoden
som fører fram dit kjelder spring!
Og halvegs, før du når den neste swing,
lyt armingen forlate kloten.

FAUST

Eit pergament er altså heilagbrunnen
som stiller tørsten, står du og fortel?
Den sanne kveik var aldri funnen,
som ikkje fløynde frå di eiga sjell!

WAGNER

Vi lykkelige læredrengar
som set oss inn i fordums samanhengar,
der vi får sjå kva vise menn før oss har tenkt,
og gle oss storleg over grenser *vi* har sprengt.

FAUST

Ja, heilt til stjernene det bar!
Min venn, før oss er tid som eingong var,
ei bok naturen sjølv forseglar.
Det du nå kallar fordums tid,
er berre visse herrars eigen flid,
som fangar ånd i tidsens speglar.
Og det blir tidt den reine jammer!
Ved første blick spring alle derifrå:
Ein diger søppeldunk, eit rotekammer,
i beste fall eit høgstemt stats-tablå,
fullproppa av pragmatiske maksimar,
som dokker lirer av seg eit par timar!

WAGNER

Den vide verda! And og hjartelag!
I slik erkjenning vil vi alle bade.

FAUST

Erkjenning, kva er det i dag?
Kven tør å kalle spada for ei spade?
Dei få som nådde desse høge mål,
som ikkje løynde det dei gjekk og bar på,
men synre gud og kvarmann alt dei hadde svar på,
har verda krossfest eller brent på bål.
Nå er det langt på nat, forlat meg, venn,
vi får vel bryte opp omsider.

WAGNER

Eg skulle gjerne sitje oppe enn,
og tale lærd med Dykk i lange tider!
I morgon tidleg, første påskedag,
skal De og eg gå tur i lag.
Eg er ein flitrig maur på veggen eg har valt;
visst veit eg mangt, men eg vil vite alt. *Ut.*

FAUST

alene.

Ja, måtte ikkje alle voner svinne
hjá den som nøyter seg med låge svev,
som grådig etter skattar grev
og jublar for dei makkar han kan finne!

At slik ei jordisk stemme skal ha lov
å lyde her i denne åndesfære!
Men takk for at du ikkje sov,
så ynkeleg som berre du kan vere.
Du berga meg i den fortvilte nød

som ville lamme meg til siste bien.
Så stort var dette syn, så fylt av glød,
at eg kom ned på jorda, redd og liten.

Eg, guddoms like, trudde eg kom nær
ein evig sanningsspegel utan mæle,
og sola meg i himmelglansen sæle,
mens jordson-hamen låg att her.

Eg, meir enn engel, måtte stå fram sterk,
bli eitt med allnaturen fri og frodig,
og mæle meg med gudar, overmodig.
Den pris eg nå betaler, kjennest bloddig!
Eit toreord har rive ned mitt verk.

Så kan eg aldri, aldri bli din like!

Eg greidde mane deg frå ånderiket,
men halde på deg? – Nei, du var for sterk!
Ei flyktig sæle fekk eg smake,
eg var så liten og så stori!

Du støytre meg brutalt tilbake
til uviss lagnad her på jord.

Kva bør eg sky? Kven skal eg lyde?

Når denne trongen melder seg?

Akk! all vår stumme sorg såvel som verk og vyer
vil hemme oss på livsens veg.

Alt det vår tanke grip av stort og herleg,
blir stadig invadert av framandt rusk.

Så snart vi møter noko godt og ærleg,
vil dette synre seg som fusk.

Dei store kjensler som held oppe liv og lagnad,
vart kvardagsgrå og kalde før dei tagna.

Om fantasien før fekk flyge fritt,

og aningsfullt i ævheimar landa,
så lærer den å nøyre seg med litt,
når von på von i verdens vrimmel stranda.
Da gjev ditt hjarta rom for sut og klage,
som veks i denne løynde-hage.
Uroleg jagar sutu bort all frygd og ro,
bak stadig nye masker lurer *ho*:
Snart hus og heim, snart barn og viv, eit heilt register,
snart eld og vatn, død og dom.
Du skjelv for alt som ikkje kom,
og fellar tårer over det du aldri mister.

Eg liknar ingen gudi! Mi skam er utan skjold!
Eg liknar makten der han rotar rundt i mold,
som nærer seg av støv og kryp i fred
til vandringsmannen kjem og trør han ned!

Er kanskje ikkje desse høge skap
ei samling støv i hundre hyller?

For eg vil kjøvast midt i skrot og skrap,
ei møllspist verd med tusen ting som fyller.
Eg skulle finne svaret her?

I tusen bøker står det kanskje berre
at ein og annan kjende lykka nær,
alt medan alle andre plagast verre?

Kva seier daudingskallens tomme grin?
At også du eingong har gått i blinde
og leita etter lys, og i det svake skin
erfart at inga sanning var å finne!
Ein hån er også mine instrument,
med hjul og gjenge, rette sorten!
De var mitt nøkkelknippe, eg var spent
på visse resultat, men ingen opna porten.
Naturen kastar ingen slør,

ved høglys dag den tviheld på sin løyndom,
og det ditt indre auga ikkje skoda før,
kan aldri tvingast fram ved skrners harde røyndom.
Du gamle apparat, unyrtig skrot,
eit funn for far min, i hans velmaktsdagar.
Du gamle rull som ligg og samlar sot
så lenge lampen lyser natt og skuggar jagar.
Langt heller sløse bort sitt vesle pund,
og ikkje sitje her og sveitte under vekta!
Når fedrearven blir ditt eige funn,
du nytrar det du før fornakta.
Det som ligg ubrukt, tynger deg kvar stund,
men det du skaper her og nå, kan tene slekta.

Men kva er dette for eit uforklarleg flimmer?
Er flaska ein magnet for auga mitt?
Kvi ser eg brått eit ljuvleg skimmer,
mest som i natteskog, når månen lyser kvitir?

Eg helsar deg, flakong frå fagre strender!
Med andakt tar eg deg i mine hender.
I deg eg ærar mannens kløkt og kunst,
du berar av den milde svæve-safta,
ein giftig log av sjølve ulvs-krafta,
nå bed din meistrer om ein siste gunst!

Eg skodar deg: min hugverk vil du lindre.
Eg fattar deg: du gjer mi uro mindre.
Dei ville stormar stilar smått om senn,
det opne havet er den famn eg møter,
det ligg der spegelblankt for mine føter,
og over ukjend kyst ein morgon renn.

Ei eldvogn svevar fram på lette venger
Og hentar meg! Nå er eg reiseklar,

det ber mot rom der inga grense stenger,
der høg og herleg verkeemd overtar.
Å, reine liv, å sæle guddomsgelede!

Makt var du nyst, og detre skal du få?
Ja, du kan legge bak deg alt her nede,
sjølv jordsol-glans er overflødig nå!
Og dristig kan du rive opp dei dører
som alle helst vil liste seg forbi!

Det er på tide at du gjennomfører
det verk som viser menneskets verdi:
Du skjelv ikkje for høgda eller djupet,
om fantasien dømmar deg til sæletap.
Gå freidig fram til kanten av det stupet
der helheimis flammer slikkar opp av tronge gap.
Vis vågemot! Ta steget! Nå er timen inne,
om så det store Ingenting let deg forsvinne!

Kom fram, krystallskål, ut av futteraler!
Som ingen annan veit du å hugsvale,
men du stod bortgløynd her i mange år!
I gamle dagar glitra du på festen,
og sette alltid liv i gjesten
når han fekk lov å ta ein tår.
Ei rik, kunstferdig biletrekke går
langs randa: den som glasert tømde,
laut tyde den på vers, og rima blømdel!
Nå minner du meg om min ungdoms vår.
Men *demme* drikken deler eg med ingen,
eg lagar ingen hyllingsdikt til bileringen.
Her er ei saft som verkeleg forslår!
Nå heller eg det brune brygget over,
det er mi eiga avskilsgåve,
ei saft som får meg til å sove, sove –
og vakne til ei morgonglede utan skår!

*Han løfter stampet mot munnem.
Klokkeklang og korvong.*

ENGLBKOR

Krist er oppstanden!
Over dei sovande,
arvesynd-snåvande,
lyder eit lovande:
Krist er oppstanden!

FAUST

Kva makter tvingar glasert frå min munn?
Det syng, eg høyrer tunge klokker kime!
Kva bodskap ber dei fram i denne stund?
Er det den første påskemorgontime?
Å, røyster, syng de same trøystefulle song
som engelipper kvad i gravmørk natt ein gong,
i visse om den trygge grunn?

KOR AV KVINNER

Vartleg vi kvinner
linda med kvitan lin,
tru-tenarinner
bar han til kvilen sin;
salva med kjærleik
og angande urter,
søkre hans nærleik –
nå er han borre!

ENGLBKOR

Krist er oppstanden!
Lov han, den levande,
ewig tilgjevande,
sigersælt svevande!
Krist er oppstanden!

FAUST

Kva vil de meg i støvet her,
de himmeltonar mektige og milde?
Kling heller der dei svake stjeler er!
Eg høyrer utan tru, all bodskap går til spille.
Ei tru kan kome underverket nær,
men eg tør ikkje la min tanke drive
mot sfærer der slik glede kling,
og enda minner det om gamle, gode ting,
ein fordums klang som vekker meg til live.
Det dala himmelkjætleik ned den gong,
og kyste meg i stille høgridsstunder
da klokkeklangen var for meg det reine under,
og inderleg eg øvde bøn og song.
Ein lengsel vall i varme bærer,
og dreiv meg ofte ut i mark og skog.
Eg kjende under tusen tårer
ei verd slå røter i min hug.
I dag bar songen bod om glade barndomshende,
om vårryr leik på lykkeveg.
Dei gode barneminne held meg nå atrende
frå dette siste alvorstreg.
Å, livve himmelkvad, syng bort mi natt!
Eg kjem på gråten, jorda har meg art!

KOR AV LÆRESVEINAR

Dødsrikets makter
sigra han over,
gravkammer-vakter,
jordiske lover.
Livskveik og glede
voks av hans kvide,
mens vi her nede
ennå lyt lidel!

Stjernene sløkte,
Meisteren tagna.
Srår vi her kløktre
over hans lagnad!

ENGLERKOR

Krist er oppstandent!
Forfallet er forbi!
Bryt trælbander!
Nå er de fri!
Ideleg ærande,
sælebot-gjerande,
vandrar de, lærande,
broderleg nærande,
gledebod-berande.
Meisteren vandrar med.
Gå i Guds fred!

Ved byporten

All slags folk er ute og går søndagskv.

HANDVERKSSVEINAR
Kvi går dei dit, skal tru?

ANDRE
Vi tenkte oss til Jegerbu.

DEI FØRSTE
Til Mølla er det *vi* har tenkte å vandre.

EIN HANDVERKSSVEIN
Til Elvegard er betre, spør du meg.

EIN ANNAN
Uff nei, det er ein keisam veg!

DEI ANDRE
Og kva gjer du?

EIN TREDJE
Eg følgjer med dei andre.

EIN FJERDE
Bli med til Borgebygd, der er det fart og fest!
Der smakar både øl og jenter best,
og snart går dansen over tilfe!

EIN FEMTE
Eg ser du er i toppnummer,
det kriblar i deg nå som før!
Men gå dit? Ikkje med min beste vilje!

TENESTEJENTE
Nei, nei! Eg vil gå heim til byen arti!

EI ANNA
Han står ved poplane, det kan eg garantere.

FØRSTE TENESTEJENTE
Det gled meg ikkje akkurat:
Det er med *deg* han vil spasere,
og dansen vil han trø med *deg*!
Di lykke rakar ikkje meg!

ANDRE TENESTEJENTE
Aleine er han knapt i dag,
ein krølltopp skulle halde han med lag.

STUDENT
Så spreke jenter! Hell og lykkel!
Herr bror, vi lyr geleide dei eit stykke.
Eit øl som riv i halsen, sterk tobakk,
og så ei møy i finstas, ja, eg seier takki!

BORGARDOTTER
Å nei, for straselege karari!
Det er da både synd og skam:
Dei kan få kven dei vil – men spring som kåte harar
når kjøkkentauser byd seg fram!

ANDRE STUDENT

til den første.

Hei, vent! Det kjem to til der nede nå,
i sine beste søndagsklede.
Ei nabo jente, kan eg sjå,
ho er av dei som spreier glede.
Sjå, begge går med lette steg,
og vil nok ta oss med på vandingsveg.

FØRSTE STUDENT

Nei, nei, herr bror, eg skifter ikkje sinn!
Nå skal vi fange vill, og det på timen!
Den beste søndags-smeik er den du vinn
av hand som laurdag svinga sopelimen!

BORGAR

Vår nye borgarmeister? Både lur og listig!
Nå sit han trygt, nå kan han vere dristig.
Kva gjer han så for byen vår?
Eg synest alt blir stadig verre.
Og vi må lyde slik ein herre,
mens skattar tynger år for år.

TIGGAR

sung.

Høyr, gode herre, gjæve kvinne,
med røde kinn, så fin og fjong!
Å, gjer så vel, og la meg finne
ein slant i hatten for ein song!
Eg sveivar på min lirekasse,
men lykkeleg er han som gjev.
Ein fridag for den store masse
kan by ein stakkar løn for strev.

ANDRE BORGAR

Min største hugnad på dei lange helgedagar
er siste nytt om krig og hærmenns rop,
om folkhop mot folkhop
i Tyrkland der høgfjell ragar.
Du står ved glaset, tømmar fort ditt krus,
ser elvebåtar gli forbi i morgonstunda.
Om kvelden kjem du glød i hus,
og signar freden før du blundar.

TREDJE BORGAR

Min gode granne, ja, eg støttar deg!
For meg kan heile verda ramle
og skallar kløyvast ideleg;
hjá oss skal alt bli ved det gamle!

GAMMAL KONE

til borgardotterne.

Å nei, for fine unge frøknar her!
Ja, de får hjarto til å banke.
Men å! så kaute som de er!
Eg veit nok råd for lengt og løyndar-ranke.

BORGARDOTTER

Agathe, kom! Vi bør ta beina fatt
når slike heksar mellom folket ferdast.
Men veit du, nå i Sankt Andreas' natt
ho syntte han som blir min kjærast!

ANDRE BORGARDOTTER

I blankt krystall fekk eg sjå min,
ein kjekk soldat med fleire i sitt følgje.
Kor lenge må eg leite før eg finn?
Og kven kan fange havsens bølge?

SOLDATAR

Borger med høge
murar og skansar,
møyar som kaute
spottar og dansar,
dreg mine sansar!
Tapre soldatar
vågar og vinn!

Blanke trompetar
set i å gjalle,
bed oss å leike,
byd oss å falle!
Her er det leven!
Her er det liv!
Møyar og borger
stormar vi stadig.
Tapre soldatar
vågar og vinn!
Tapre soldatar
far og forsvinn!

Famnt og Wagner:

FAVST

Sjå, isen smelta i elv og bekker,
under vårens livlege varme-vell,
nå spirer håp i dal og fjeld.
Den gamle vinter såg grøne flekker,
drog seg attende til aude fjell.
Avmektig, flyktande, sender han ned
ein haglskur frå sitt isande rike,
og uroar grønskande engers fred.

Men sola vinn, det kvite må vike.
Allting vitnar om vokstervilje,
ennå søv både rose og lilje:
folk i finstas er blomstertlor
før sol kan gylle den bleike jord.
Stans eit bel og vend deg i glede.
Ser du byen vår der nede?
Ut av porten mørk og trong
myldrar folket med klingande song!
Alle helsar sola i lag,
og høgtidar Herrens opprode-dag.
Dei òg har stått opp frå dei døde:
frå låge små hus og kummerleg stove,
frå smie, verkstrad, slir og møde,
frå loftsrom og innstengd kove,
frå smale gater med tak som tyngjer,
frå kyrkjerom i andektig nart
kjern folk fram i lyset art.

Sjå, kor lett desse brokete klyngjer
legg i veg over strokk og strein!
Sjå den blanke elv som gyngjer
dei mange båtarne, ein for ein,
søkklasta holk og fullsett ferje,
nå siglar snart den siste vekk.
Sjølv på stigen i bratte berget
kan du visst skimte ein fargeflekk!
Nå høyrest ståk frå landsby-vrimmel,
her finn vi godfolks sanne himmel,
dei vågar vise lykka si:
«Her er eg menneske, og fri!»

WAGNER

For meg, herr doktor, er det toppen
å gå på tur med Dykk iblant!

Men eg får gåsehud på heile kroppen,
aleine såg eg knapt til denne kant.
Eg hatar denne hersens fela,
og skrik og skrål byd meg imot.
Det rår ei farleg ånd i folkesejla,
og det skal liksom vere sælebot!

BØNDER

Song og dans under ei lind.
Ein gjætar fiffa seg til dans,
i gilde fargar, band og krans,
den venaste blant drenger.
Dei flokka seg om grønna lind,
og dansen gjekk som virvelvind.
Å hei og hå!
Å heisan, hoppssan hå!
Det syng i felestrenger.

Da braut han ringen under tre
og støyte bort i møyar-kne,
så kom han ikkje lenger.
For jenta kunne vere kaut,
ho vende seg og sa: «Ditt naut!»
Å hei og hå!
Å heisan, hoppssan hå!
«Tvi værde den som klenger!»

Men spør om det gjekk rundt i ring!
Eit lystig hopp, ein liren sving,
dei flaug på lette venger.
Og jenta vart så raud og varm,
ho lutte seg mot sterkan arm.
Å hei og hå!

Å heisan, hoppssan hå!
Dei feletonar fenger.

«Nei, kom meg ei for nær i nart!
Så mang ei møy sat sviken att,
som dansa over enger!»
Han lokka henne med seg lell,
frå linda ljoma song og spell.
Å hei og hå!
Å heisan, hoppssan hå!
Det skalv i felestrenger.

GAMMAL BONDE

Herr doktor, det var snilt av Dykk
å virje denne vesle grend,
ja, tenk at slik ein høg lærd mann
vil møte folket som ein venn!
Så lat oss da få lov å by
eit krus med lifflig tørstedrykk.
Sjå her! Samtidig vonar eg
at den vil meir enn kveitke Dykk:
Gjev dropane i vår pokal
blir Dykkar levedagars tall!

FAUST

Det gjorde godt! Og takk for det!
Langt liv til dykk, god helse, frede!

Folket flokkar seg i ring om Faust og Wagner.

GAMMAL BONDE

At De kjem hit ein påskedag
er visseleg vår store frygd.
Men De var her som hjelpesmann

da døden gjesta denne bygd.
Lys levande står mange her
som far Dykkar fekk rive ut
av feberørska, først som sist.
Og De som berre var ein gut,
var med han inn i kvar ein heim
der nokon låg på sotteseng,
men De var like frisk og rask,
om så dei bar ut ilk i fleng.
Og De var ikkje til å stroppe:
ein hjelpar hjelpt av Han der oppe.

ALLE

Ja, måtte denne heidersmann
få verke lenge i vårt land!

FAUST

Lov Han som byrd oss gjere vel
og lækjer både kropp og sjeli!

Han går vidare, saman med Wagner.

WAGNER

Kor herleg det må kjennast her i dag
å vere gjenstand for så mykje ærel!
Kor lykkeleg den mann må vere
som får slik vinning av sitt fagi!
Dei spør om alt og rykker nære,
og faren løfter barnet: Sjål!
Musikk og dans går reint i stå,
dei flokkar seg i ring rundt deg
og svingar harten opp og ned,
ja, det er like før dei fall på kne,
som om monstransen var på veg!

FAUST

Eit lire stykke til, du ser den steinen der:
Nå har vi vandra langt, vi treng å rastre.
I djupe tankar sat eg ofte her,
og plaga meg med både bøn og faste.
Så sterk i trua, vonfull mest,
eg tok Vårherre sjølv til gissel
og band han stogge denne pest,
med tårer, sulk og tenners gnissel.
All fagning er for meg den reine hån.
Å, om du kunne lese mine tankar,
da visste du at far og son
er ikkje verd den ros dei sankar!
Min gamle far, han var ein heidersmann,
men mørk i hug, han spekulerte mykje over
naturen med dei heilag-løynde lover,
i undring over der han fann.
Han dreiv med skumle svartekunster,
og heile huset var forgjort,
i denne ein av alskens dunster
frå oppkok av den verste sort.
I lunkne «lilje»-bader let han legge
«den røde løve», ein dumdrising fyr,
og over open flamme dreiv han begge
frå eine brurseng til den andre, heilt på styr.
Til sist, på glas, i våre stuer:
«den unge dronning», fargerik.
Her var ein medisn, der døydde folk som fluver.
Kven kom til krefter? Kven låg lik?
I denne dalen, her i dette berget
har vi med livsfarleg larverge
rast verre rundt enn nokon pest!
Til fleire tusen gav eg gifta eigenhendig,

dei visna – det er meir enn skjending
at mordaren får folkefesti!

WAGNER

Nei, spar Dykk dette samvissrikket!
Vi veit at alt er vel og bra
når den som måtte overta,
forvaltar kunnskapen på punkt og prikke.
Når du som unngut veit å heidre far,
tar han imot deg med den store famnen.
Når du som vitkapsmann finn nye svar,
kan son din klive høgare på stammen.

FAUST

Å, hav av mistak! Sæl er han
som har eit håp og siktar mot det tørre!
Ein treng så ofte det ein ikkje kan,
og det ein kan, det hjelper ikkje større. –
Men kvifor la ei slik tungsindig stund
formørke denne lykkelege time!
Sjå alle heimane på grøne grunn,
når sol legg alt i glans og glime!
Snart sig ho atter, dagen er på hell,
men fjerne lende vekker ho til live.
Å, den som kunne flyge over fjell
og følge sola der ho måtte svive!
Eg såg ei verd av eld og glo,
som langt der nede ligg og drøymet.
Dei høge tindar lysar, dalen fall til ro,
ein sølvbekk er det einaste som strøymet.
Det ville berg med alle sine gjel
legg ingen band på denne gude-flukta,
og der er havet med den lune bukta,
eg tar imot med open sjel.

Men langt om lenge kverv ho, mi gudinne,
den nye trong blir atter vak:

eit evig sollys freistar eg å finne,
med dagen framfor meg og natta bak,
med himmel over, bølger under, stendig lengeri!
Ein vakker draum, alt medan sol går ned.
Å, kunne berre kroppen flyge med
når ånd og tanke løfter sine venger!
Og enda har vi dette i oss,
ein uklår lengt mot det vi ei kan nå,
når letka syng og kvitrar rett forbi oss
før ho blir borre i det blå,
når ørnen stig i vide ringar
høgt over skog og bratte skarv,
når tranen over sjøen svingar
på veg mot heimleg strand som kvarv.

WAGNER

For meg òg har det stundom gått på tvenke,
men den slags lystar let seg aldri merke.
Ein ser seg fort nok lei på skog og mark;
eg trakta aldri etter fuglefjører.
Nei, takke meg til åndens glød, som fører
frå bok til bok, frå ark til ark!
Da lysar vinternatta, du blir rent,
ein livsæl hugnad varmer alle lemmer.
Og kan du rulle ut eit verdig pergament,
er himlen nær, du høyrer englestemmer!
FAUST
Med *ein* pasjon du stiller opp til dytt;
å, hald deg borre frå den andre!
To stjeler, akki! har bustad i mitt bryst,
dei vil gå kvar sin veg og skyr kvarandre.

Den eine klamrar seg med freidig lyst
til denne verda og dei gamle vanar,
den andre flyg med velde mot den kyst
der ånder sviv i høgje banar.

Ja, finst dei i den lyse luft,

og kan dei mellom jord og himmel sveve,
så la dei dale ned frå gyllen duft

og ta meg med til land der eg kan leve!

Å, hadde eg ei tryllekappe her!

Da bar den meg til fjerne strender,
og ingen fekt den ut av mine hender,
om så dei baud meg kongekappe der!

WAGNER

Jo takk, eg kjenner dei så altfor godt!

Kall ikkje hit den luftige hærskare!

Frå alle verdenshjørner flyg dei flott,

og utset folk for alskens fare.

Frå nord kjem dei som rispar opp ditt skinn
med spisse tenner, plekvasse tunger,
mens dei frå aust let allting tørke inn
og nærer seg av dine lunger.

Og dei som kjem frå Sydens ørkensand,
vil sprengje skallen på deg med sin herte.

Så druknar både du og åkerland,

når vest får sende si velsigna væte!

Dei lyttar med den største skadefryd,

og lystrar, for dei svik oss meir enn gjerne,

og løgner kviskrar dei med englelyd,

som var dei sende frå ei stjerne. –

Men kom, så går vi heim! Det mørknar alt,

og skodda legg seg, det blir kaldt!

Om kvelden nyt ein hus og heim –

Du står og stirer inn i skodde-eim,

kva fangar blikket i ei skymingsstund?

FAUST

Sjå der! På flate stubbmark renn ein kolsvart hund!

WAGNER

Jo visst, eg ser han nok, den sorten berre kryr!

FAUST

Studer han godt! Kva er det for slags dyr?

WAGNER

Ein vanleg puddel, ein som fer og svinsar
og søker til sin herres fang.

FAUST

Du ser da vel kor tydeleg han krinsar
og jagar innpå oss med forre sprang!
Og ser eg ikkje syner, dreg han elden
i lange tunger etter seg.

WAGNER

Eg ser ein puddel som er svart i fellen;
synkverving må det vere, spør De meg!

FAUST

Det synest meg som om han lydlaust bind oss
og legg ein magisk ring om foten vår.

WAGNER

Eg ser at han er redd og rådvill når han finn oss,
to framande, ein stad der husbond elles går.

FAUST
Vi sirklast inn, nå er han nær!

WAGNER
Det er nok ingen trollhund som står der!
Han knurrar, set seg, trur det vankar ris,
han lograr: alt på hundars vis.

FAUST
Slå lag med oss! Kom her! Kom her!

WAGNER
Så puddelåpeleg han er!
Når du står stille, ventar han.
Og kallar du, kjem han så forr han kan!
Den kjepp du kastar frå deg, vil han bringe,
ja, like ut i vatnet vil han springe!

FAUST
Du har visst rett, eg ser han er natur
og inga ånd, det heile er dressur!

WAGNER
Ein hund som lærer gode seder,
gjev jamvel lærd mann mange gleder.
La puddelen få vise kva han kan,
her har studentane sin overmann!

Dei spaserer inn gjennom byporten.

Studerokammer

Faust kjem inn saman med puddelen.

FAUST
Eg sa farvel til mark og enger
der alt var gøymt i djupe natt.
Det rørte mine inste strenger,
ein heilag otte fekk eg att.
Nå er den ville trongen spakna,
med all mi ofselege gjerd.
Ein godhug for min neste vakna,
eg har min Gud og Skapar kjær. –

Ver roleg, hund! Du renn som du gjorde urei
Fer og snusar på dørstokken mini!
Kom, skal du få mi finaste pute,
bak omnen kan du sovne inn.
Vi har sett deg oppe i bratte fjellet,
du byksa og sprang så det var ein fest!
Nå byd eg deg det beste stellet,
som ein velkomen, fredsam gjest.

Når atter lampen står og lysar
med vennleg skin i cella vår,
da kjenner vi at hjarta hysar
ein sanningstjoske rein og klår.
Da vaknar tankens kraft med velde,
og atter blømer nye håp.
Vi får ein lengt mot livsens kjelde,
ja, til den sæle livsens dåpl –